



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	

Sakshandsamar:	Sektor oppvekst	Kristin Moe
	Arkivnr.: 15/3035	Klassering:

Høyring - Kvalitetsplan for oppvekst 2016 - 2028

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2018 – Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016 blir sendt på høyring. Høyringsperiode er sett til 30.april-11.juni 2016.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Saka skal tilbake til Levekårsutvalet 30. august 2016. Endeleg vedtak i Kommunestyret 15.september 2016.

Bakgrunn

Utkast til Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2018 er no ferdig frå rådmannen si side, etter godt arbeid i prosjektgruppa og referansegruppa, samt konkrete og nyttige innspel frå avdelingar og aktørar. I samsvar med framdriftsplan i vedteke planprogram skal planen ut på høyring vår 2016 og til endeleg politisk handsaming haust 2016.

Vurdering

I prosjektet har ein lagt opp til stor grad av medverknad frå ulike aktørar som har interesse av innhaldet i Kvalitetsplanen. For å sikre god informasjon og høve til medverknad i høyringsperioden, vil rådmannen sende framlegg til Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2018 til alle avdelingane under oppvekst, leggje planen ut på heimesida til kommunen samt i ekspedisjonen på rådhuset. I tillegg blir høyringa kunngjort i dei to lokalavisene i regionen.

Føresette si stemme er særleg viktig i denne planprosessen, og det har vore representantar for denne gruppa både i prosjektgruppa og i referansegruppe 1. Rådsorgana i barnehage og skule skal

sikrast informasjon og ha høve til å kome med innspel til utkast til plan som no ligg føre frå rådmannen si side.

I høyringsperioden vil rådmannen sikre at tilsette får informasjon og høve til å kome med innspel til planen, gjennom personalmøte, drøftingsmøte og møte i «trepartsgruppa» (tillitsvald-verneombod og leiar) ved avdelinga. Rådmannen vil orientere om planen til Ungdomsrådet, Elevråda ved ungdomsskulane i kommunen samt til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vedlegg: Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 – Kommunedelplan gjeldande frå haust 2016, framlegg frå rådmannen 15.april 2016.

Vedlagte saksdokument:

Kommuneplan-for-oppvekst_2016-2028 framlegg frå rådmannen til høyring	106498	11.04.2016
---	--------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost